

KONSERT

irsk rumensk argentinsk indisk amerikansk



SILJE HVEEM FLØYTE
GJERMUND FREDHEIM GITAR

meir info: www.siljehveem.no

**Museumsdagen
på bygdetunet Rød**

22.08.2010 kl 16.00

Museumsdagen på Rød er dette året 22. august og eit av høgdepunkta denne dagen blir ein konsert med to svært allsidige musikarar - Silje Hveem på fløyte og Gjermund Fredheim på gitar.

Dei begynte å spela saman då dei studerte ved Griegakademiet.

Duoen spelar melodios og temperamentsfull musikk med røter i ulike land og sjangrar. Det er indisk raga, amerikansk country, argentinsk tango - og mykje meir.

Silje kjem frå Trondheim og er utdanna ved Musikkonservatoriet i heimbyen og Griegakademiet i Bergen. Ho fullførte Masterstudiet ved Griegakademiet i 2006 der ho fordjupa seg i japansk fløytemusikk. Silje har bakgrunn både frå korps, kor og orkester. I fjor vinter flytta ho til Lofthus der ho vil etablere seg som musikal. Ho har fått Hardangerlokks etableringsstipend for kunstnarar og satsar no på å gjera seg kjent for publikum i området.

Gjermund Fredheim, som er frå Uskedalen, fullførte Mastergraden i klassisk gitar ved Griegakademiet i 2008 og fekk toppkarakter. Som eine halvparten av gitarduoen Fredheim/Kvasnes Duo fekk han i fjor Bergen kommunes kunstnarstipend. Han har vunne to og fått ein andreplass i internasjonale gitartevlingar i Italia og Polen.

Det siste året har han turnert for fylkeskonsertane Hordaland og spelt konsertar i Tyskland, Sveits og Nederland, men då som rockemusikal. Dette året innleia han med å spela banjo og gitar med Bergen Filharmoniske Orkester då dei framførte musikken til Chaplins film City Lights.

Av Ola Matti Mathisen